

Fagnettverk pedagogisk IKT 5.februar 2026

VELKOMEN TIL NETTVERK I PEDAGOGISK BRUK AV IKT I UNDERVISINGA

Torsdag 5.februar kl. 9:00-14.30

Lokale: Trudvang skule (avd. Guridalen), Trolladalen 26 og etter lunsj HVL

Rom: Verdandi i 1.etg Bragebygget. Sjå kart her: [Bragebygget Verdandi, Bragebygget, Campus Sogndal - MazeMap](#)

Lunsj: Ja, inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

Deltakaravgift: Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Program

09:00-09:15: Velkomen!

Me møtes ved inngangen på Trudvang skule, i Guridalen, og går gjennom programmet for dagen og generell informasjon.

09:15- 11:30: Korleis nyttar me best interaktive skjermar i klasseromma?



Håkon Bjørø, pedagogisk rådgivar i *Scandec*, vert med oss i dag for å vise korleis me kan nytte interaktive skjermar på gode pedagogiske måtar i klasserommet.

I denne økta får de mange konkrete, kreative og nyttige tips som de kan ta med rett inn att i klasserommet dykkar!

Scandec er ein av dei sentrale leverandørane av skjermar frå merka i3 (som erstattar Ctouch) og Promethean. I denne økta vil me nytte *i3 Aspen 4* skjermen, men tipsa har òg overføringsverdi til bruk av skjermar frå andre merker.

Meir informasjon om skjermen og Scandec finn du på nettsida deira [Aktiv undervisning](#).

11:30- 12:30: Lunsj i HVL-kantina

12:30-13:10: Bli inspirert til å prøve ut Skabma!

Eit tverrfagleg spel om samisk språk, kultur, mytologi med meir.

v/Mette F. Reinertsen, rektor ved Jostedal oppvekstsenter.



13:10-13:15: Kort pause

13:15-14:15: Tipshefte til føresette for ein god digital oppvekst i heimen

Me idemyldrar og lagar tipshefte til føresette med tips til bruk av digitale verktøy på heimebane.

Arbeid i grupper. Med fokus både på nyttige og kreative tips til kva digitale verktøy *kan* nyttast til på fritida, og ikkje minst kva me tilrår at føresette avgrensar og passar på.

14:15-14:30: Avrunding og evaluering av nettverket.

Samlinga er open og aktuell for alle skuletilsette i grunnskule, VGS og vaksenopplæring, ikkje berre dei som jobbar med pedagogisk IKT særskilt.

Velkommen!

Ansvarlege for samlinga:

Håvard Takle Sanden, Luster kommune havard.takle.sanden@luster.kommune.no

Turid Rauboti, Sogndal kommune Turid.Rauboti@sogndal.kommune.no

Påmeldingsfrist: 28.januar kl 23. Meld frå om evt. allergiar/ behov i merknadsfeltet.

Beste helsing frå

Håvard Takle Sanden og Turid Rauboti

Ingrid Steine Bortne

Nettverksansvarlege

Programleiar barnehage- og skuleutvikling